

VEDTEKTER FOR

SUNNDAL OG BONDHUS VASSVERK

Org. nr: 928 833 712

§ 1. Formål.

Sunndal og Bondhus Vassverk er eit medlemslag –seinare kalla laget.

Formålet er å skaffa rikleleg og godt drikkevatt til husbruk, næring og anna bruk i bygda.

Vatnet blir henta opp ved brønnboring og det skal monterast komplett reinseanlegg. Laget skal så langt som mogeleg ha ansvar at vatnet tilfredsstillir kravet i Drikkevannsforskrifta.

Vassretten, og løyve til å setja opp naudsynte installasjonar er sikra med eigen avtale med grunneigar.

Alle grunneigarane gjev fri grunn for å koma fram med leidningsnett.

Er laget sitt leidningsnett til hinder for nybygging, grøfting eller andre turvande inngrep skal styret kontaktast før graving vert sett i gang. Laget er ansvarleg for kostnader med flytting o.s.v., etter avtale med grunneigar. Gjeld ikkje om skade vert gjort utan at styret er kontakta.

§ 2. Organisasjonsform.

Laget er eit frittstående juridisk organ med skiftande medlemstal og kapital. Laget er sjølveigande. At laget er sjølveigande inneber at ingen, korkje medlemmer eller andre har krav på laget sin formue eller eigendeler, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktelsar.

Laget har ikkje som mål å gå med overskot over tid, men sikra forsvarleg drift og framtidige investeringar basert på sjølvkostprinsippet.

§ 3. Medlemskap – rettar og plikter.

Alle som kjøper – eller får vatn frå vassverket vert automatisk medlemmer. Ved eigarskifte går medlemskapet over til den nye eigaren.

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøte, har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i laget.

Medlemmer kan møta med fullmakt, men berre med ei fullmakt.

Medlemene pliktar å fylgja vedtak fatta av årsmøte.

Medlemene pliktar å betala sine kostnader straks krav er motteke. Vassavgifta skal betalast forskotsvis kvart år. Vert ikkje vassavgifta betalt til rett tid, har styret rett til å stengja vatnet. Dette først etter at det er sendt varsel med rimeleg frist. Om naudsynt kan det setjast i verk tvangsinnndring av kravet.

Medlemmer som har eigen brønn og som får vatn frå vassverket, pliktar å kopla frå eksisterande private brønnar. Det skal ikkje vera nokon form for samankopling av røyrrar mellom brønn og vassverk. Styret skal ha tilsyn med at dette vert gjort.

Ved eventuell utmelding skal styret påsjå at tilførselsleidninga vert blombert

§ 4. Vassverket – rettar og plikter.

Laget er ansvarleg for vassinntak, reinseanlegg og hovudvassleidning. Dei har og ansvar for å ta minst 4 vassprøvar pr. år, for å ha kontroll med kvaliteten. Viser prøvane at noko er unormalt skal medlemene informerast straks, om naudsynt også med oppmoding om å koka vatnet.

Nye påkoplingar (utstikk) skal godkjennast av styret, før arbeidet vert utført. Eigar har det økonomiske ansvaret for slike påkoplingar. All installasjon i hus skal vera forsvarleg, og huseigaren pliktar å halda denne vedlike.

Vassverket kan ikkje stillast økonomisk ansvarleg for skader som måtte oppstå på grunn av stopp i vasstilførselen, eller at kvaliteten på vatnet er for dårleg.

Stopp i vasstilførselen grunna reparasjon og vedlikehald skal så langt som råd varslast på førehand, helst minst ein dag. Ved uforutsett stopp i vasstilførselen pliktar styret å syta for naudsynt reparasjon snarast råd.

§ 5. Årsmøte.

Årsmøte er laget sitt høgaste organ og skal haldast kvart år innan utgangen av februar månad, og kallast inn med minst fjorten - 14 - dagars varsel. Saker som skal handsamast på årsmøte må sendast skriftleg til styret innan 1. januar. Årsmøte er vedtaksført når minst 10 medlemmer med stemmerett møter. Kvar medlem har ei stemme.

Årsmøte skal:

- # Godkjenna innkalling og sakliste.
- # Velja møteleiar og skrivar, samt to til å skriva under møteboka.
- # Godkjenna årsmelding.
- # Godkjenna revidert rekneskap.
- # Handsama innkomne forslag.
- # Fastsetje vassavgift for inneverande år.
- # Fastsetje pris på tilknytingsavgift. (For nye medlemmer.)
- # Fastsetja godtgjerdsle til tillitsvalde.

Val etter vedtektene.

1. Styreleiar for 1 år.
2. 2 styremedlemer for 2 år.
(Ein er på val etter 1 år ved loddtrekning.)
3. 2 varamedlemer for 1 år.
4. 2 revisorar for 1 år.
5. 3 medlemmer til valnemnd for 3 år.
(Ein medlem går ut kvart år, og kan ikkje attveljast.)

§ 6. Ekstraordinært årsmøte.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret vedtek det, eller 2/3 av medlemene krev det. Innkalling skjer på same måte som for ordinært årsmøte. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama dei saker som står i innkallinga.

§ 7. Styret.

Laget vert leia av eit styre på tre - 3 – medlemmer. Styret held møte når styreleiar, eller dei to styremedlemene bed om det. Styret vel sjølv nestleiar, skrivar og kasserar.

Styret skal leia laget si verksemd mellom årsmøta og skal ta opp saker av interesse for laget. Det skal førast møtebok frå alle møter. Leiar og eit styremedlem, eller 2 styremedlemer i fellesskap bind laget med sine underskrifter. Styret kan gje prokura.

Styret skal:

- # Iverksetja årsmøtevedtak.
- # Ha ansvar for laget si daglege drift, samt økonomi.
- # Ha ansvar for naudsynt vedlikehald.
- # Oppnemna og administrera aktuelle utval, vaktordning o.s.v. etter behov.

Styret kan gjera vedtak når eit fleirtal av styret er til stades.

§ **8. Vedtektsendringar.**

Endring av vedtektene kan berre gjerast av årsmøte, eller ekstraordinært årsmøte, og at saka er kunngjort på saklista. Endring krev 2/3 fleirtal av stemmene. Oppnår ein ikkje dette på det ordinære årsmøte kan styret kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Endring av vedtektene kan då gjerast med simpelt fleirtal

§ **9. Skilsdom.**

Tvistar mellom laget og ein eller fleire av parteigarane som ikkje vert løyst på minneleg vis, vert avgjort ved skilsdom. Skilsdomen er samansett av tre – 3 – personar. Kvar av partane vel ein person og sorenskrivaren leiaren. Dersom ein eller begge partar, innan frist fastsett av styret, ikkje har valt sitt medlem, kan denne opp nemnast av sorenskrivaren.

§ **10. Oppløysing.**

Oppløysing kan berre gjerast av årsmøte, eller ekstraordinært årsmøte, og krev 2/3 fleirtal av stemmene. Etter oppløysing og betaling av gjeld, skal laget sin nettoformue og eignelutar overførast til ein ideell organisasjon, eller lag i bygda med samanfallande formål. Årsmøte avgjer kven formue og eignelutar skal overførast til.

Ingen medlemer har krav på laget sin formue eller eignelutar, eller deler av desse.

Sitjande styre skal halda fram som oppløysingsstyre til oppløysinga er fullført.

Vedtektene er godkjent i møte «Reetablering av Sunndal og Bondhus Vassverk 13.02.2022» og er gjeldande frå same dato.